



Innkalling  
av  
Formannskapet

**Møtedato:** 11.01.2023  
**Møtestad:** Digitalt møte - Teams  
**Møtetid:** kl.13:00 - 14:00

Ekstraordinært møte i samband med sak om mottak av flyktningar for 2023

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

***Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.***

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Førespurnad om busetting av flyktningar 2023
004/23	Andre saker/spørsmål

4. januar 2023

Lars Fjeldstad  
Ordførar

Runar Ludvigsen  
Sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/23	Formannskapet	PS	11.01.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3906

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/23	Formannskapet	PS	11.01.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3906

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 23.11.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

### Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 23.11.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 15:45

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
099/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
100/22	Godkjenning av møtebok
101/22	Gebyrregulativ for teknisk forvaltningsteneste 2023
102/22	Budsjett 2023 - økonomiplan 2023-2026
103/22	Erverv av areal til omsorg+
104/22	Utbyggingsavtale for Espevoll næringsområde
105/22	Prinsippavklaring om statleg sikring av Eidsvika friluftsområde
106/22	Vedtak av Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022
108/22	Andre saker/spørsmål

Kyrkjeleg fellesråd møtte i starten av møte for innspel til budsjettet.

---

## **099/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Ordføraren sette fram slikt framlegg: Som varsla til medlemmane pr. e-post vert sak 107/22 trekt frå sakslista då saka ikkje er klar frå Alver kommune si side, det er difor ikkje noko avtale å ta stilling pr. i dag. Saka kjem til handsaming på nyåret 2023.

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

---

Hjalti H. Gislason, H, varsla kort orientering om toalettet på Tysse til slutten av møtet.

---

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste

### **FS - 099/22 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent med slik endring: sak 107/22 vert trekt ut frå sakslista.**

---

## **100/22: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 02.11.2022 vert godkjend.**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til møtebok

### **FS - 100/22 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 02.11.2022 vert godkjend.**

---

## 101/22: Gebyrregulativ for teknisk forvaltningsteneste 2023

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med verknad frå 1.1.23 vedtek heradsstyret framlegg til gebyrregulativ for teknisk forvaltningsteneste 2023 med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

### 23.11.2022 FORMANNSKAPET

#### AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke mot 2 røyster (FRP)

#### FS - 101/22 VEDTAK:

Med verknad frå 1.1.23 vedtek heradsstyret framlegg til gebyrregulativ for teknisk forvaltningsteneste 2023 med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

---

## 102/22: Budsjett 2023 - økonomiplan 2023-2026

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Budsjett for 2023, økonomiplan 2023-2026 samt investeringsplan 2023 til 2026 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2023:

Midlar til fordeling (frå 1A) (tal oppgitt i 1000) 523 732

Rådmannen/stabsseksjonar	46 700
Oppvekst, undervisning og kultur	208 418
Helse, omsorg og sosial	230 222
Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)	51 306
Sum inkl sjølvkost	536 646
	-
Sentrale postar	(24 424)
Lønsreserve	11 500
Sum skjema 1B	523 722
	-
Meir-/mindreforbruk	10

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3,7 % frå 01.01.23 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller

andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

2. Føresegner for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2023.
3. Med verknad frå 01.01.2023 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2023»
4. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 1.1.23 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2023 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».
5. Renovasjonsgebyr:
  1. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.
  2. Prisen på renovasjonstenesta for 2023 vert sett ned med 1,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Dette vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 0,- for 2023.
  3. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismetriser i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2023.
6. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).
16. Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:

1. Korttidsplass Minndre enn 9 timar veke	kr.2 000 (økt med 5 %)
2. Halvplass 10-14 timar veke	kr.2 400 (økt med 9 %)
3. Heil plass Meir enn 15 timar veke	kr.2 900 (økt med 16 %)
4. 12 timars gratis tilbod 1.klasse	kr. 0,-
5. 13 timar eller meir 1.klasse	kr. 1 000,-
6. Dagsats	kr. 400,- (økt med 33 %)
7. Sats enkelttimar	kr. 100,- (økt med 43 %)
8. Gebyr ved sein henting	kr. 300,- (økt med 9 %)
8. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 536,- pr år (ingen endring).
9. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2023 frå helse- og omsorgsdepartementet.
10. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa



marknadspris.

11. **Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2023 vert kr 80,76 millionar, herav sjølvkostlån kr 35 millionar.**
12. **Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 10 millionar.**
13. **Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.**
14. **Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2023.**
  9. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
  10. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
  11. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
  12. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
  13. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**
15. **Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjetterammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.**
16. **Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.**
17. **Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.**
18. **Budsjettamma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,4 millionar inkl kommunal tenesteyting.**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Ragnar Tyssebotn, FRP, sette fram slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande tillegg:

Tenestepensjon er det største einskildinnkjøpet til Osterøy kommune. Det er konkurranse i tenestepensjonsmarknaden og Osterøy bør difor gjennomføre ein anbudsprosess for å finna ut om me har den beste leverandøren etter ei samla vurdering av pris og kvalitet i ein profesjonell anbudsprosess.

Tilsette sine rettar og ytelsar er tariffesta, og identisk uavhengig av leverandør. Dei tilsette sine

organisasjonar skal involverast i saksutgreiinga i henhold til tariffavtala og AML. Det skal haldast drøftingsmøter med dei tilsette sine organisasjonar.

Rådmannen får fullmakt til å organisere og gjennomføra ein anbudsprosess for den kommunale tenestepensjonsordninga i 2023, slik at eit eventuelt skifte av leverandør kan skje frå 01.01.2024. Endeleg framlegg til vedtak om val av tenestepensjonsleverandør skal leggest fram til heradsstyret seinast i løpet av oktober 2023."

Ragnar Tyssebotn, FRP, sette fram slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande tillegg:

I ein del år har det vist seg at heimetenesta er ein av dei meir kostbare driftene i kommunen har. Denne tenesta har ein del kommunar vald å konkurranseutsetje og dermed funne potensiale for rimelegare drift på denne måten. Rådmannen får fullmakt til å organiere og gjennomføra ein anbudsprosess for den kommunale heimetenesta i fyrste halvår 2023. Endeleg framlegg til vedtak om val av løysing skal leggest fram til heradsstyret for endeleg vedtak."

Hjalte H. Gislason, H, satt fram slikt framlegg: "Punkt 12: Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 18 millionar."

#### **AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg	-	Samrøystes vedteke
Hjalte H. Gislason, H, sitt endringsframlegg	-	Samrøystes vedteke
Ragnar Tyssebotn, FRP, sitt framlegg om tenestepensjon KRF) mot 4 røyster	-	5 røyster (2SP, 2AP,
Ragnar Tyssebotn, FRP, sitt framlegg om heimetenesta - røyster	-	3 røyster (FRP, 1H) mot 6
Samla budsjett med endringane	-	Samrøystes vedteke

#### **FS - 102/22 VEDTAK:**

**Budsjett for 2023, økonomiplan 2023-2026 samt investeringsplan 2023 til 2026 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2023:**

Midlar til fordeling (frå 1A) (tal oppgitt i 1000) 523 732

Rådmannen/stabsseksjonar	46 700
Oppvekst, undervisning og kultur	208 418
Helse, omsorg og sosial	230 222
Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)	51 306
Sum inkl sjølvkost	536 646

Sentrale postar	(24 424)
Lønsreserve	11 500
Sum skjema 1B	523 722

Meir-/mindreforbruk	10
---------------------	----

- 1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssettar og vederlag vert auka med 3,7 % frå 01.01.23 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**

2. Føresegner for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2023.
3. Med verknad frå 01.01.2023 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2023»
4. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 1.1.23 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2023 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».
5. Renovasjonsgebyr:
  1. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.
  2. Prisen på renovasjonstenesta for 2023 vert sett ned med 1,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 0,- for 2023.
  3. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2023.
6. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).
7. Betalingsattsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:
 

4. Korttidsplass Minndre enn 9 timar veke	kr.2 000 (økt med 5 %)
5. Halvplass 10-14 timar veke	kr.2 400 (økt med 9 %)
6. Heil plass Meir enn 15 timar veke	kr.2 900 (økt med 16 %)
7. 12 timars gratis tilbod 1.klasse	kr. 0,-
8. 13 timar eller meir 1.klasse	kr. 1 000,-
9. Dagsats	kr. 400,- (økt med 33 %)
10. Sats enkelttimar	kr. 100,- (økt med 43 %)
11. Gebyr ved sein henting	kr. 300,- (økt med 9 %)
8. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 536,- pr år (ingen endring).
9. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2023 frå helse- og omsorgsdepartementet.
10. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

11. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2023 vert kr 80,76 millionar, herav sjølvkostlån kr 35 millionar.
  12. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 18 millionar.
  13. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
  15. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2023.
    1. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).
    2. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
    3. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
    4. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre
    5. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.
  15. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.
  16. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.
  17. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.
  18. Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,4 millionar inkl kommunal tenesteyting.
- 

**103/22: Erverv av areal til omsorg+**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mynde til å underteikne og gjennomføre avtalen.

**23.11.2022 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 103/22 VEDTAK:**

Rådmannen får mynde til å underteikne og gjennomføre avtalen.

---

**104/22: Utbyggingsavtale for Espevoll næringsområde**

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Espevoll næringsområde planid. 2010 002 med Osterøy Entreprenør AS vert underteikna av kommunen.

**23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Turid B. Njåstad ønskja sin gildskap vurdert då hennar dotter er eigar av nabogarden til området og vil såleis verte svært påverka av det som skjer på området.

**AVRØYSTING:**

Turid B. Njåstad, SP, vert samrøystes kjend ugild etter fvl. §6 første ledd bokstav b.

---

Turid B. Njåstad, SP, forlet møte. Ingen vara møtte.

8 av 9 medlemmar tilstades

---

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 104/22 VEDTAK:**

Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Espevoll næringsområde planid. 2010 002 med Osterøy Entreprenør AS vert underteikna av kommunen.

---

Turid B. Njåstad, SP, kom tilbake i møte.

Fulltalig formannskap

---

## **105/22: Prinsippavklaring om statleg sikring av Eidsvika friluftsområde**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Rådmannen får mynde til å søke om statleg sikring av område som vist med grøn skravur i vedlagte kart dagsett 8.11.22.**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 105/22 VEDTAK:**

**Rådmannen får mynde til å søke om statleg sikring av område som vist med grøn skravur i vedlagte kart dagsett 8.11.22.**

---

## **106/22: Vedtak av Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**I medhald av Sivilbeskyttelseslova § 14 vert Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022 vedteken slik den ligg føre.**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Jarle Skeidsvoll, KRF, sette fram slikt endringsframlegg til s. 14: "NOKRE av verksemdene er lokalisert i eller nær bustadområde og i nærleiken av offentleg tenesteyting som skule, barnehage og sjukeheim. TILLEGG: Fleire, større private verksemdar er og lokalisert i mindre bygder og sentra i kommunen. Dette gjer det viktig å leggja til rette for busetnad også nær desse verksemdene for å redusera transportbehovet."

#### **AVRØYSTING:**

Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt endringsframlegg fell 1 røyst (KRF) mot 8 røyster  
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **FS - 106/22 VEDTAK:**

**I medhald av Sivilbeskyttelseslova § 14 vert Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Osterøy kommune 2022 vedteken slik den ligg føre.**

---

## **108/22: Andre saker/spørsmål**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Hjalte H. Gislason hadde slik orientering omkring toalettet på Tysse. Eg har prøvd å få tak i vedkommande som har stengt toalettet utan å lukkast. Eg, Rita Tveiten og Ragnar Tyssebotn hadde eit flott møte med grendarådet på Tysse kor vi forklarte situasjonen og ga dei nokre tips til vegen vidare.

### **FS - 108/22 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Siren Tyssebotn og Jarle Skeidsvoll

Lonevåg, 23.11.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/23	Formannskapet	PS	11.01.2023
	Ungdomsråd	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	20/2919

## Førespurnad om busetting av flyktningar 2023

### Vedlegg:

Anmodning om bosetting 2023 - Osterøy kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune busett 60 flyktningar i 2023. Familiesameinte er ikkje ein del av dette talet.
2. Osterøy kommune fortsett å inngå AMOT avtaler med flyktningar som har familie, eller andre nære, som er busett i kommunen, forutsett at dei kan bu i same husvære i perioden dei er omfatta av ordninga.
3. Osterøy kommune ber Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) sende ny førespurnad om det blir aktuelt å auke tal plassar i 2023.

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har sendt ut brev med føringar for kva som skal svarast ut i vedtaket. Brevet ligg vedlagt saksframlegget. I tillegg ynskjer rådmannen at Heradsstyret gjer vedtak om korleis ein lokalt skal forholde seg til søknader om AMOT.

Osterøy kommune har busett flyktningar sidan 2014. Normalt har vi blitt bedt om å busette 10 personar per år, men grunna reiserestriksjonar vart det færre enn dette i pandemiåra 2020 og 2021.

Krigen i Ukraina har medført at behovet for busetting av flyktningar har blitt mykje større. I 2022 busette vi 65 personar, av disse bur 63 framleis i kommunen.

AMOT står for Alternativ Mottaksplassering. Dette handlar om at personar som har søkt beskyttelse, men ikkje fått det innvilga, kan bu i eit ordinært husvære i ein kommune der ein har kjente. Disse vil vanligvis fortsette å bu i vår kommune når beskyttelsen er innvilga. Ordninga er mest aktuell for dei som har familie i kommunen, eventuelt andre nære dei ynskjer å bu saman med over tid. I 2022 har Osterøy kommune inngått avtale om AMOT for mellom 5 og 10 personar, og erfaringane er positive med ordninga. Vi har dessverre ikkje mogelegheit til å ordne eigne bustader til dei som søker AMOT, dei må bu hos sine eigne i perioden sjølv om det kan bli trongt.



Osterøy kommune er per i dag veldig usikker på om det er mogeleg å finne bustader for 60 flyktningar i 2023. Dette gjer det krevjande å sette av ekstra plassar til busetting allereie no. Rådmannen vurderer difor at det er mest hensiktsmessig å be Integrerings- og mangfaldsdirektoratet om å sende ny anmodning om det blir nødvendig å auke busettingskapasiteten i 2023.

Det er store kommunale apparat som vert sett i gang når flyktningar skal busettast og lovkrav skal møtast. At tilskota kan forsvinne på dagen, er det som gjer det krevjande å halde opp høg busettingskapasitet. Større grad av stabilitet gjer at ein kan tilby meir langsiktige stillingar, og ein kan sette i gang med fleire prosjekt for å auke tilgang på bustader. Det er ikkje ynskjeleg at tiltak gjennom Husbanken vert øymerka flyktningar. I yste konsekvens kan det bety at kommunale bustader står tomme fordi ein ikkje har flyktningstatus, noko som kan opplevast som diskriminerande for andre grupper med behov for kommunale bustader.

### **Bakgrunn**

Når førespurnaden om busetting vart sendt til kommunen 25. november, vart det nasjonale estimatet for busetting i 2023 35 000. Osterøy kommune er bedt om busette 60. Nye prognoser i desember estimerer at behovet er 40 000. Dette talet vil ein måtte rekne med endrar seg i heile 2023.

Vi ventar å busette flest frå Ukraina, som i 2022. Ein må likevel rekne med at det vil komme fordelingar frå andre land. Det er ikkje mogeleg å påverke dette i vedtaket, jamfør vedlagte førespurnadsbrev, punkt 3.

### **Vurdering**

#### *Bustad*

I 2022 busette vi ved hjelp av allereie eksisterande kommunale bustader, samt innleigde einingar. Rådmannen vurderer at det kan bli krevjande å busette ytterlegare 60 på ein allereie stram leigemarknad. Å bu handlar om å få kvardagen til å gå opp. Osterøy har mange sideveggar, og det kan bli nødvendig å busette på lite hensiktsmessige stader for å sikre alle eit tak over hovudet. Dette kan medføre at dei får store utfordringar med å få kvardagen sin til å gå opp, med dei konsekvensane det kan få. Samtidig er dette ein situasjon som er lik over heile Norge, og rådmannen vurderer at det ikkje kan brukast som eit argument mot busetting i Osterøy kommune.

Det er ikkje satt av ekstraordinære investeringsmidlar på budsjettet til kjøp av bustader i 2023. Rådmannen kjem tilbake med eiga sak om arbeidet viser at det blir nødvendig for å sikre tilgang på nok bustader for alle som har rett til dette.

#### *Barnehage*

Det er utfordrande å få kombinasjonen mellom barnehageplassar og eigna bustader for barnefamiljar til å gå opp. I 2023 bør vi forsøke å busette familiar med barn i barnehagealder i Fotlandsvåg og i Haus, då det er her det er best kapasitet i barnehagane. Samtidig veit vi at når familiare blir fordelt, ofte med kort frist før ønska busettingsdato, blir det prioritert å få dei i hus der det er mogeleg.

#### *Skule*

Det er oppretta introduksjonsklasse i Norsk på Osterøy ungdomsskule for 3. til 10. trinn. Her det tilsett koordinator, morsmålsassistent og lærar.

#### *Helsestasjonen*

Helsestasjonen aukar med ei stilling, etter å ha vore bemanna opp med 0,5 stillingar i 2022. I tillegg til dei arbeidsoppgåvene dei har gjort mot gruppa i fleire år (vaksineprogrammet, grunnleggande fysisk helseundersøking), vil dei frå 2023 ta over kartlegging av psykisk helse basert på dei rutinane og det arbeidet Rus- og psykiatritenesta har utført i 2022. Fordelen med denne endringa, er at ein

tidlegare kan fange opp risikofamiliar. Vert det behov for behandling av vaksne, skal disse meldast til psykiatritenesta på lik linje med alle andre innbyggjarar.

#### *Barne- og familieteamet og barnevernet*

Er styrka med midlar for å kunne gjennomføre førebyggjande arbeid i tråd med lovkrav i introduksjonsprogrammet, samt å kunne følgje opp saker som eventuelt kjem.

#### *NAV*

NAV aukar opp med ei til to stillingar i 2023, der formålet er å sikre praksisretta løp for dei som har godkjent utdanning, samt skal ein finne eigna praksisplassar for å kvalifisere seg for vidare arbeid. Ein ventar òg auka behov etter Lov om sosiale tenester, og ein må styrke eininga for å få forsvarleg saksbehandling.

NAV Osterøy har i tillegg til disse ei fast stilling til arbeidet.

#### *Frivillighet, idrett og kultur*

Delar av integreringsmidlane går til stillingane knytt til frivillig- og utstyrssentralen, og noko til idrett og kultur frå og med 2023. Det målretta arbeidet for å auke deltaking i fritidsaktivitetar for både barn og vaksne må difor styrkast.

#### *Osterøy integrerings- og læringscenter*

Senteret er styrka med to stillingar som blir med vidare i 2023. Styrkinga er både på busetting, undervisning og introduksjonsprogrammet. Saman med lågare juridiske krav for personar med kollektiv beskyttelse og noko mindre behov for oppfølging fordi dei i større grad har nettverk til å hjelpe kvarandre, vil ikkje Osterøy integrerings- og læringscenter i utgangspunktet bli tilført fleire ressursar i 2023. Med dette er dei totale årsverka på senteret 11,6.

#### *Legetenester*

Det er behov for midlertidig auke i stillingsressurs opp mot flyktingar på 10%. Det betyr samla ressurs på 20% opp mot denne gruppa.

#### *Andre helse og omsorgstenester*

Det kan bli behov for auka ressurs i desse tenestene, men dette vil ein ikkje ha oversikt over før busetting og etter ei kartlegging av den enkelte. Individuelt kartlagt helse styrer eventuelle vedtak i helse og omsorgstenestene. Dersom det er behov for sjukeheimplass vil ein pr dags dato ikkje kunne tilby det utan å opne ei ny gruppe på Osterøytunet.

#### *Andre utfordringar*

Osterøy kommune har utfordringar med å sikre utbetalingar av støtte til livsopphald til personar utan personnummer. Per i dag nyttar vi verdikort (jamfør gåvekort), men denne løysinga er ustabil og ikkje hensiktsmessig. Her må ein i løpet av 2023 finne eit betre alternativ.

Nye aldersgrupper som vert busett (personar i aldersgruppene 55 – 67 og 67 +) har gjeve oss nye utfordringar i 2022. Dette gjeld både aktivitetstilbod, utbetalingar og norskopplæring. Her må ein få på plass rutine og fordelingar av arbeidsoppgåver, primært mellom NAV og OIL. Formålet må vere å finne den tilnærminga som gjev best heilskapstilbod til den busette og minst saksbehandling i kommunen.

#### *Folkehelse*

Ikkje vurdert

## *Miljø*

Ikkje vurdert

## *Økonomi*

Integreringstilskotet er per i dag budsjettert til nesten 26 000 000, som er lagt inn i budsjettet for 2023. Ein budsjetterte med 40 nybudsjetterte i 2023, men òg med at integreringstilskotet per person aukar slik det vanlegvis gjer. Disse midlane er fordelt mellom sektorane basert på erfaringstal og nasjonale tal.

Norsktilskot for vaksne er eit eige tilskot som går direkte til OIL, og er i 2023 forventa å bli på i overkant av 4 300 000.

Nye tal basert på anmodning og signal om at integreringstilskotet ikkje aukar i kroner, gjer at vi per i dag ventar integreringsinntekter på 28 000 000. Her er ikkje AMOT tilskot rekna med. Budsjetteringa er såleis nøktern. Uansett kva inntekter som blir fasit i 2023, vil dei bli fordelt mellom sektorane etter ein forhandsavtalt prosentsats.

## **Konklusjon**

Osterøy kommune busett 60 personar i 2023. Osterøy kommune ber om ny anmodning dersom behovet for å busette fleire enn dette kjem i løpet av 2023.

Osterøy kommune vurderer at meir stabilitet i tilskotsordningane, samt fleksible løysingar gjennom Husbanken, er nødvendige faktorar for å halde opp høg busettingskapasitet.

Osterøy kommune inngår avtaler om AMOT der personar har tilgang på bustad.

**IMDi**Integrerings- og  
mangfoldsdirektoratet

Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

**Dokumentnr.:** 22/39392**Dato:** 25.11.2022

## Oppmoding om busetting av flyktningar i 2023 - Osterøy kommune

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til:

- Ordførar
- Kommunedirektør/ byrådsleiar

Dei store inntøystane av flyktningar frå Ukraina sidan mars gjer 2022 til eit ekstraordinært år. Som følgje av situasjonen i Ukraina ba IMDi alle kommunar om å ta imot til saman 35 000 flyktningar i 2022. Samtlege kommunar har vist ein positiv busettingsvilje og har til saman vedteke å busette i tråd med oppmodinga.

2022 har vorte eit rekordår. Det har aldri før kome så mange flyktningar til Noreg, og behovet for busetting har aldri vore større. I tillegg har busettinga vore raskare i år enn på lang tid. Osterøy kommune har gjort ein svært viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar og funne gode løysingar i ei krevjande tid.

Situasjonen knytt til behovet for busetting er prega av stor uvisse. Det er uklart kor lenge krigen i Ukraina vil vare og kor mange som vil kome til Noreg, på kort og på lengre sikt. Samstundes er det venta at inntøystane vil vere store også i tida framover. Noreg skal også busette flyktningar frå andre konfliktområder i verda. Difor er det samla behovet for busetting venta å vere særskilt høgt også i 2023. På bakgrunn av dette oppmodar IMDi kommunane om å busette til saman 35 000 flyktningar i 2023.

I året som kjem vil kommunane nok ein gong spele ei nøkkelrolle i korleis Noreg handterer den største massefluktsituasjonen i vår tid. Talet som kommunane vedtek og gjer tilgjengeleg for busetting, vil framleis ha ei avgjerande betydning for vår samla evne til å ta hand om flyktningane som kjem til Noreg. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i tråd med oppmodinga.

### Oppmoding for 2023

Prognosane viser at behovet for busetting i 2023 er berekna å vere om lag 35 000 personar. Talet er samstundes særskilt usikkert. Risikoen er stor for at behovet kan endre seg raskt i begge retningar. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i tråd med

behovet. Behovet for busetting av 35 000 gjeldar for heile året, og flyktingane vil busettast gjennom heile året.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett eit sett med justerte kriterier for 2023 som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal fordelast mellom kommunane (sjå IMDi.no). Det leggjast i år størst vekt på kapasiteten og tenestetilbodet i kommunane. Det tas utgangspunkt i fordelinga frå mars d.å. og erfaringar frå busettingsarbeidet i 2022.

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga av oppmodningstalet til kommunane. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

### **Med bakgrunn i dette oppmodar IMDi derfor Osterøy kommune om å busette til saman 60 flyktingar i 2023.**

Plassar som ikkje vart nytta i 2022 overførast ikkje til 2023. Personar som er søkt ut til kommunen i 2022, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2023. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis. Kommunar som har unytta plasser i 2022, kan etter visse vilkår søke om kompensasjon for desse plassane. Les meir om dette her: [Om tilskuddsordningar | IMDi](#)

#### **Svar på oppmodinga**

IMDi setter pris på innsatsen som kommunen har lagt ned i arbeidet med busetting og integrering av flyktingar i 2022, og ber om svar på oppmodinga om busetting i 2023. Vi ber om at svaret tek omsyn til følgjande:

1. Det må kome tydeleg fram av vedtaket dykkar kor mange flyktingar kommunen vedtek å busette i 2023.
2. Vi oppfordrar dykk til å fatte vedtak i tråd med talet det er oppmoda om.
3. Vedtaket må ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.
4. Vi ber også om ei vurdering av kor mange fleire flyktingar (kor av einslege mindreårige) kommunen potensielt kan busette i 2023 viss behovet aukar.
5. Vidare ber vi om ei vurdering frå kommunen av kva som skal til for å oppretthalde ein høy kapasitet for busetting i kommunen.

Frist for å svare på oppmodinga er 31.01.2023. Viss fristen ikkje kan møtast, ber vi om tilbakemelding om når saka kan handsamast i kommunen. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan fortsette i påvente av politisk handsaming i kommunen i tråd med praksis.

Når vedtak vert fatta, ber vi kommunen om å:

- sende skriftleg kopi av vedtaket til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS ved [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no) og til fylkeskommunen
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett) etter at oppmodinga er mottatt digitalt. For rettleiing, sjå: [Kommunens vedtak og planlegging | IMDi](#)

#### **Aktuelle tilskotsordningar**

- Kommunar som busetter flyktingar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flyktingen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt

med busetting og integrering for at flyktningane skal kome i arbeid, forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg.

- Kommunar som busetter einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet blir utbetalt etter at flyktningen er busett.
- Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som busetter flyktningar, må rekne med at einkilde personar har slike særskilte behov. Kommunar som busetter personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- Kommunar kan og motta tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskot på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd/>

### **Kontakt**

Ta kontakt med IMDi ved spørsmål kring oppmodinga. IMDi kan nås på telefon 40 00 19 60 og e-post: [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no). Sjå også oppdatert informasjon på [imdi.no](http://imdi.no).

Med helsing

Libe Rieber-Mohn  
direktør  
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

### **Kopimottakarar:**

Kommunesektorens organisasjon – KS

Fylkeskommune

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/23	Formannskapet	PS	11.01.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3906

## Andre saker/spørsmål

## Saksopplysningar: